



DEN NORSKE KYRKJE

Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

UKM 09/07 Våre kristne sysken i Midtausten

Omrent kvar dag høyrer vi om krig, konflikt, politiske kriser, brot på menneskerettane, okkupasjon, fattigdom og humanitære kriser frå Israel/Det palestinske området, Libanon, Irak, Saudi-Arabia eller Iran. Store delar av Midtausten¹ slit med utfordringar med tanke på økonomisk tryggleik, fysisk tryggleik og politisk stabilitet. Situasjonen er svært spent. I Midtausten finn vi også miljø og grupperingar som ynskjer å utvikle politisk islam med ei sterk kritisk haldning til Vesten.

Men Midtausten er meir enn kriser og fiendtlege haldningars til Vesten og kristendom. Mellom anna bur det mange kristne her, og det er fleire kristne kyrkjer i området. Desse gjer sitt til å nyansere einsidige førestillingar om det reint muslimske Midtausten eller det reint jødiske Israel.

Dei kristne i Midtausten

Ved starten av fyrste verdskrigen, i 1914, var om lag 25 % av befolkninga i dei områda vi i dag kjenner som Israel, Det palestinske området, Egypt, Jordan, Libanon, Syria, Irak og Tyrkia kristne. I dag går vi ut frå at dei kristne ikkje utgjer meir enn 5 % av befolkninga i disse områda. Svært mange kristne har flytta frå Midtausten dei siste 10-15 åra, og nokre stader er situasjonen svært alvorleg. I Israel og Palestina (Det heilage land) er mange no redde for at kyrkjene skal tømast for lokale kristne. Frå å representere nærmare 20 prosent av befolkninga ved slutten av fyrste verdskrigen utgjer dei kristne nå berre 1,5 prosent av befolkninga på Vestbreidda.

Grunnane til at folk flyttar er fleire. Dei fleste kristne i regionen har familie eller kontaktar i vesten. Dei har gjennomsnittlig høgare utdanningsnivå enn muslimane, og dei ser at de har større moglegheiter for jobb og utvikling utanfor Midtausten. Samstundes er det klart at den usikre politiske situasjonen i Midtausten også er ein av årsakene til at mange flyttar. Nokre kjenner seg også truga av muslimsk fundamentalisme eller krig, slik som i Irak.

Dei kristne i Midtausten er inga einsarta gruppe. Det er ulike utfordringar for dei kristne i dei ulike landa. Likevel er det viktig å halde fast på at alle er kristne og deler den same trua. Mange av dei kristne i Midtausten er merksame på dette, og skilja mellom dei ulike kristne trussamfunna er mange stader mindre enn i vår eigen del av verda. Dei er òg våre sysken i trua.

Vi deler meir enn tru med dei kristne i Midtausten. Slik som hos oss er også mange av dei som er med i kyrka i desse områda unge. Kristne ungdommar i Midtausten ber på mange av dei same håpa, draumane og visjona som kristen ungdom i Noreg. Dei spelar for eksempel musikkinstrument, høyrer på lovsongsmusikk, speler basketball og fotball, brukar nettet aktivt, har facebook-profil, er med i ungdomsklubben i kyrkjelyden, eller syng i kor. Dei ynskjer at kyrkja skal vere ein god stad å vere, at det skal vere gode tilbod til ungdom og at det skal vere ein plass der venskap og tru får utvikle seg og styrkast.

¹ Med Midtausten meiner vi i primært dei områda som utgjere det gamle ottomanske riket før det blei oppløyst tidleg på 1900-talet og kor det fortsett er et kristent nærvær: Israel, Det palestinske området, Egypt, Jordan, Libanon, Syria, Irak og Tyrkia.

Samstundes er situasjonen forskjellig. Demokrati, menneskerettar og fridom er verdiar som vi tek for gjevne, men som ikkje er vanleg for dei. Få av landa er demokratiske, og menneskerettar - som til dømes religionsfridom - er i liten grad respektert. Å skifte tru frå islam til kristendom kan lede til sosial utesetning, tap av rettar og i verste fall ende med døden.

Kvifor skal vi støtte dei kristne i Midtausten?

Vi treng kristne i Midtausten som ber og vitnar om vår felles tru nettopp her. Dei lever nær og kan ta vare på dei heilage stadene, som er sjølve kjeldane til kyrkja sitt bodskap. Dei er også med på å gjere samfunnet i regionen mindre einsarta.

Dei kristne er på fleire måtar også brubyggjarar mellom aust og vest. Dei har felles historiske røter med jødedom og islam, og kan på ein truverdig måte i regionen vitne om forsoning og håp der uro og krig rår. Samstundes, fordi mange av dei også har internasjonale kontaktar, formidlar dei innflytsar frå vestleg kristendom, kultur og politikk til Midtausten.

Særleg i Israel og Palestina representerer kyrkjene klåre haldningar til fred og rettferd. Det er derfor eit viktig politisk mål med tanke på fred og forsoning at det kristne nærværet ikkje vert svekt. Dei kristne er med på å skape eit større bilet av det palestinske folket sin identitet og kamp for rettferd og mot fundamentalisme. Dei gjer også eit viktig bidrag til dialogen mellom religiøse leiarar.

Kyrkjene i landa i Midtausten utgjer i dag også ein viktig ressurs for fleire enn dei kristne. Kyrkjene har utvikla sosiale tenester som kjem heile befolkninga til gode. Dei driv barne- og ungdomsskular, yrkeskular, sjukehus, klinikkar, senter for handikappa og ungdomsaktivitetar.

Kva kan vi gjøre for dei kristne i Midtausten?

Som kristne brør og systrar treng vi kvarandre. Verken Midtausten eller verdssamfunnet som heilskap er tent med at Midtausten tømmast for kristne. Men skal dei kristne framleis bu i regionen, må dei sjå at det finst framtidshåp for dei der. Slik det er no er dei kristne samfunna i ferd med å kollapse fordi det er så få igjen der.

Vi ber difor UKM ta opp desse tema:

- Kva kan vi gjøre for kvarandre som del av den same verdsvide kyrkja?
- Korleis kan vi få meir kunnskap om det som skjer med våre kristne sysken i denne delen av verda?
- Korleis kan vi vise solidaritet?